

**Ny saueveg i fjellet**

31.03.2015

**Ved flaumen i fjor haust vart det gjort mange skader i og langs Blådalsvassdraget, SKL er no iferd med å utarbeide ein søknad til NVE om løyve til to konkrete tiltak som er ein følge av flaumen. Det eine er utviding av flaumløpet ved og under brua til kraftstasjonen Blåfalli III og det andre er byggjing av ny saueveg nedafor brua ved Bjødnavå som erstatning for den gamle vegen som vart øydelagd av flaumen. Det siste skjer i samarbeid med Fjellhaugen Grunneigarlag. På same staden er det også planlagd å å fjerne eindel lausmassar som har lagd seg opp i elveløpet.**

Før SKL sender søknaden må dei ha ei avklarling frå kommunen om det vil bli kravd dispensasjon frå kommuneplanen for tiltaka. Tiltaka vert planlagd gjennomført denne sommaren og SKL håpar difor på, ei rask avklarling frå kommunen si side.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen